

Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag
Steinsdalen 20. mars 2013

Fiskeri- og kystdepartementet
Pb. 8118 Dep
0032 OSLO
e-post: postmottak@fkd.dep.no

Høyringsvar- Utkast til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden.

Me viser til høyringsbrev angående forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden av 08.02.2013

Norheimsund og Steinsdalen Grunneigarlag, (NSG), svarar på høyringsbrev angående denne saka for 3. gong. Me ser det som svært viktig at det no vert eit skifte i forvaltningsregimet i Hardangerfjorden. I behandlinga av denne forskrifta skal me ha i bakhovudet at den intensive produksjonen av oppdrettslaks fram til i dag, har ført oss opp i situasjonen me er i no. NSG forventar no ei snarlig behandling vidare, som endar opp i ei forskrift som tar vare på restane av dei ville lakse- og sjøaurestammene våre i Hardangerfjorden.

Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) ser ut til å forstå noko av alvoret i situasjonen i Hardangerfjorden. Viss FKD har evne, og ikkje minst mot nok, til å innføra forskrifta som planlagt, vil det vera eit viktig bidrag på veien mot å oppnå måla i "Strategi for ei miljømessig bærekraftig havbruksnæring".

Me vil rosa FKD for endelig å ha løfta sjøauren fram på lik linje med laksen. Dette er viktig av den grunn at mange av dei mindre vassdraga i Hardanger har tradisjonelt vore gode sjøaureelvar.

Steinsdalselva, som har utløp til fjorden i Norheimsund, har ei stamme av storvaksen sjøaure. Fisk i størrelsen 3-5 kg. har vore vanlig. Dette er fisk av ein størrelse som overgår mange av dei meir kjente elvane i landet. Me krev no å få hjelp av eit nytt forvaltningsregime snarast, for å ta vare på denne unike stamma.

Eit anna viktig aspekt med sjøauren er at den er meir stasjonær i fjorden enn laksen. Det har vore stort fokus på lusesmitte i "utvandringsvindauga" i perioden mai-juni. Dette *kan* berge laksen på si vandring til havet, men sjøauren går i fjordsystemet til dels heile året. Den er avhengig av eit moderat lusepåslag resten av året og. Jamfør graf under pkt 4.2 side 7 har situasjonen vore ein heilt anna dei seinare åra.

Det vert allereie bruka ressursar på tiltak i Hardangerfjorden, som t.d. "Nasjonalt pilotprosjekt i Hardangerfjorden for strakstiltak for vill laksefisk". Dette er eit godt tiltak alle partar er samde om, men skal me vera i nærleiken av å nå måla, må minimum forslaget til forskrift som ligg på bordet no gjennomførast. Sannsynligvis er heller ikkje dette nok.

Lakselus og rømming.

-Frysvedtak 2008

-Koordinert lusebekjempelse i regi av Mattilsynet

-Justerte lakseforskrifter

-Soneforskrift for Hardanger og Sunnhordland

-Og no forskrift om eit nytt forvaltningsregime.

Dette vitnar om at myndighetene erkjenner at det er store problem i Hardangerfjorden knytt til oppdrettsnæringa.

I januar 2013 la Havforskningsinstituttet fram rapporten "Risikovurdering- miljøverknader av norsk fiskeoppdrett. Konklusjonane her er nok FKD godt kjent med. I alle fall er det slik at avtrykket på miljøet frå oppdrett, ikkje samsvarar med måla i regjeringa sin bærekraftstrategi frå 2009.

På toppen av dette er det forska nok, og me veit meir enn nok, til å kunna seia at Hardangerfjorden er enno hardare råka enn den generelle situasjonen langs kysten vår.

Basert på målingar av lusesituasjonen i perioden frå 2010 til 2012, har lusepåslaget faktisk auka i midtre delar av fjorden. Og det frå eit allereie uakseptabelt og dødelig nivå for sjøauren.

Når det gjeld rømd oppdrettslaks har me data frå mange år med gytedefiskteljingar. Dei seinare åra har me og fått organisert eit meir målretta og effektivt uttak av oppdrettslaks i elvane i Hardanger. Utan dette arbeidet ville situasjonen vore enno meir alvorlig. I perioden 2004 -2010 har Steinsdalselva hatt innslag av over 20% rømd oppdrettslaks. Dette vert klassifisert som "truet-kritisk" for ei laksestamme.

Når det gjeld pkt. 4.1 "Rømming", er det oppgitt at det var 0 rømmingshendingar i Hordaland i 2012, og 0 rømte oppdrettslaks. Dette veit me er feil. NSG stod sjølve i spissen for uttak av fisk i Steinsdalsvassdraget. Det vart totalt tatt ut 65 oppdrettslaksar med snittvekt på ca. 600 gram. Denne fisken vart levert UNI-miljø som materiale for å finna ut kor fisken kom frå. Me ventar enno på svar.

Basert på dette meiner NSG at den offisielle rømmingsstatistikken er svært lite truverdig.

At FKD no innfører ny forskrift, med minst dei instrammingar som er føreslått, er eit fyrste og viktig steg på veien mot ei meir bærekraftig næring.

Departementet ber under pkt. 6.1 side 13 i forslaget særskilt om innspel frå innehavarar av rett til lakse- og sjøaurefiske om kva for konsekvensar forslaget kan få for deira næring.

Svar: Fylkesmannen i Hordaland kom ut med ei fredningsforskrift gjeldande frå 2010, og i første omgang fram til 2014. Her vart ei rekkje elvar i Hardanger stengt for fiske. Dette gjeld både Sjøaure og laks.

NSG tok ansvar før dette, og stengte elva for alt fiske allereie midtveis i sesongen 2009 pga. svært lite fisk på elva. Me har etter dette ikkje solgt eit einaste fiskekort. Det økonomiske tapet er gale nok i seg sjølv.

Det som er enno verre, er at dette går ut over livskvaliteten. Elvefisket har lange tradisjonar i alle dalfører der det renn ei elv.

Genbank

Når det gjeld pkt. 6.5 Genbank for lakse- og aurestammer i Hardangerfjorden, meiner NSG at denne må etablerast snarast, uavhengig om forskrifta vert vedtatt. Det er i alle fall ikkje mindre behov for den om forskrifta i verste fall skulle verta utsatt enno ein gong.

Oppsummering:

Me vil igjen understreka at problema i Hardangerfjorden har oppstått over år der den ståande biomassen har vore under 50 000 tonn. Derfor meiner me at forslaget til ny forskrift ikkje går langt nok, til å få alle elvane innanfor forskriftsområdet til igjen å komma over gytebestandsmålet. NSG meiner at forskrifta heller ikkje sikrar at me vil oppleva at innslaget av rømt oppdrettslaks kjem ned på eit nivå me kan klassifisera som uproblematisk.

Likevel ynskjer me forskrifta vedtatt i mangel på noko betre.

Mvh

Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag.

v/ Arild Alvsåker